

## Referat frå Styremøte i Myrkdalen samstyre – Landskapsparken – hjá Torill Ármot 28. mai 2009 kl 20.00.

Desse møtte: Per Backer, Terje Kvalfoss, Knut Gjerde, Gudmund Furu, Therese Berland, Kjetil Skjervheim, Jorunn Hirth, Maria Petterson, Torill Ármot, Kåre Ulvund

Saklista:

**Turstiane:** Tid for meir rydding og skilting. (i løpet av pinsehelga er skilt sett opp på Bygdastølen, Revhaugen, Vetlebotn/Helgatun, Mørkve/Skjervheim) Det som står att: Nesheim/Ulvund, Tveite + dei områda som ligg høgast. Måling med fargar står att. Snart kan me senda inn ferdigrapport.

**Etableringskurs/ny organisering av LP:** Pr no har me ikkje fått driftstilskot frå Fylkesmannen. Skal me i framtida ha LP i Myrkdalen, må den drivast med inntekter, då dei off. tilskota vil utebli. Omorganisering (AS?) må til med endring av vedtektene. Me skipar til **folkemøte** om dette i ungdomshuset torsdag 18. juni kl 20. Eit eige skriv m/innkalling vil gå til alle husstandar i Myrkdalen.

**Seminar for LP-ane på Stalheim Hotel 12 – 13 mai.** Repr herifrå var tilstades, dei fleste første dagen fordi dag nr to fall saman med dravlekoking. Det var og ekskusjon til Myrkdalen (Ulvund + Voss Fjellandsby)

**Myrkdalsdagen** går 11. juli. No er butikken diverre stengt, men kanskje kan me nytta han likevel? Framlegg om å nytta skulen meir + ungdomshuset. Aktørar på Myrkdalsdagen vert kalla inn på møte seinare for å ”setla” opplegget.

**Tilskot frå Fylkesmannen** for 2009 fekk me ikkje (i første omgang) Grunngeving har me ikkje fått, ventar på den.

**Båt plass** ved Myrkdalsvatnet. Kåre Ulvund kan tenkja seg å få til båt plass på sin eigendom. Me har registrert interesse frå hyttefolk + lokale for å få til plass med utleige.

**Ymse:** Jorunn foreslår at ungdomshuset kan nyttast til enkel matsservering (vaflar etc) + salgsutstilling for lokalprodusert kunst (kulturkafe). Ho er og oppteken av språkrøkt, dvs ta vare på lokale ord og uttrykk. Interssante innspel!!

Takk til Torill for gode bollar!

Møtet slutt kl 22.

Gudmund  
-referent-